

Partnerforum inviterer til frukost med Bernt

Den spanske tragedien

Kva kan vi lære av den spanske borgarkrigen i dag?

- Kvifor har nettopp denne borgarkrigen – så fjern og framand – skapt eit engasjement utan like, her heime og internasjonalt?
- Trongen til å finne ut av kva som eigentleg hende har brakt fram eit materiale som veks i tilfang frå år til år, og som gjer denne borgarkrigen meir og meir mangesidig. Vi veit no meir enn aktørane sjølv kunne vite.
- Den spanske overgangen til demokrati frå 1975 til 1981 danna eit mønster for liknande demokratiseringsprosessar i Sør Afrika og Latin-Amerika. Er det her ein modell for framtidige demokratiseringsprosessar?
- Katalonia er i opprør –ein arv frå Franco-tida? Kva sit eigentleg att frå diktaturet i dagens Spania? Er det nye høgrepartet Vox eit Franco-parti?

Tid: Torsdag 19. desember 2019 kl. 08:30–10:30

Stad: Hovedbølet, Akersgt. 64-68, Oslo

Påmelding: partnerforum.uio.no

Program

08:00 Registrering og frukostservering

08:30 Velkomen ved Partnerforums sekretariat

Årelatinga i Spania – opphav og etterverknader – eit perspektiv etter åtti år

Bernt Hagtvet, professor Bjørknes Høyskole/UiO

Diskusjon og spørsmål med salen leidd av Bernt Hagtvet

Ca. 10:30 Slutt

Grunnproblemet i den andre spanske republikken (1931-36) var at for få så på demokratiet som eit fast, overordna og legitimt rammeverk for politisk arbeid. Dei var opportunistiske i demokratisynet sitt: uviljug til å sette overlevinga til systemet framfor eigne ideologiske omsyn eller personlege ambisjonar. (Bernt Hagtvet, Aftenposten, mai 2019).

Om frukostseminaret

Bernt Hagtvet – kjend frå frukost med Bernt – drar oss gjennom seminaret.

1. april i år var det 80 år sidan Franco feira sigeren i Madrid med ein gigantisk parade. Den spanske borgarkrigen var den blodigaste konflikten mellom dei to verdskrigane. Eit vanlig overslag er at omkring 500 000 menneske vart drepne, anten ved frontane eller utanomrettsleg, eller av svolt eller krigspåført sjukdom. Franco avretta om kring 50 000 republikanar frå 1939 til 1945, nokon seier 70 000. Av desse vart 100 000 summarisk avretta. Francos regime var eit reint hemnstyre, mykje verre enn Mussolinis italienske Fascisme - og likevel vart Spania ein slags vest-alliert forbundsfelle etter krigen som ledd i den kalde krigen. Franco heldt fram med å drepe fiendar – fortrinnsvis med garrotte - heilt fram til han døydde i 1975.

Den spanske borgarkrigen vart i særskilt grad en symbolmetta krig: "la causa", "den siste store saka" for intellektuelle og kunstnarar (Picasso, Hemingway, Malraux, Orwell, Nordahl Grieg, Gerda Grepp - er berre nokre døme). Borgarkrigen vart óg ein internasjonal krig. Han førte Hitler



og Mussolini saman. Frå Stalin kom den einaste hjelpa til Republikken av noko format, med lagnadstunge fylgjer: Stalin dreiv sovjetisk innanrikspolitik i Spania mot Trotskij og mobiliserte til ein borgarkrig på venstresida innafor borgarkrigen. Det spanske kommunistpartiet vart ein garant for borgarlege rettar, demokratiet, så paradoksalt det enn kan synest, fordi Stalin ikkje ville leggja seg open for skuldingar for å fremja revolusjon i Europa. Kommunistane drap anarkistar og sosialistar og skapte slik djup splitting til venstre. Dei vest-allierte greip ikkje inn til fordel for den demokratisk valde republikken.

Spania kom til å bli eit symbol på noko meir vonfullt etter Francos død. At nettopp dette landet skulle makte ein overgang til demokrati, hadde få tillit til. Den spanske overgangen gjorde venteleg den sør-afrikanske overgangen tenkjeleg: Utan demokrati i Spania ville neppe Mandela ha tenkt seg ein tilsvarende prosess i Sør-Afrika. Dette er i alle fall en hypotese verdt å diskutere.

Med flyttinga av Francos lekam frå Dei dødes dal til Madrid er kan hende kulminasjonen nådd i den sjølransakingsprosessen som starta etter diktatorens død. Det er i alle fall sikkert at få land har gripe så djupt i oppgjeret etter diktatur som nett Spania (Lenin ligg framleis i kista si på Den raude plassen). Her er det mykje å læra om det tyskarane kaller Vergangheitsbewältigung.

Prof. Bernt Hagtvet vil førelesa om denne krigen. Faren til Bernt, Johs. Hagtvet (1904-88) var lækjar ved det svensk-norske sykehuset i Alcoy i 1937. På møtet vil Johs. Hagtvets artiklar frå opphaldet bli utdelte («En læges inntrykk fra Spania», trykt i det medisinske tidsskriftet *Æsculap* 1937).

Om innleiaren

Bernt Hagtvet er professor i statsvitskap ved UiO frå 1994 med utdanning frå UiO, UiB, Yale og Oxford. Særskilte interesser for totalitære diktatur, ideologiar og menneskerettsstudiar, samt intellektuelle i politikken (bok om Bjørnson og Dreyfus-saka, 1994). Forskingsleiar ved Programmet for Menneskerettsstudiar, CMI i Bergen 1983-94. Gjesteførelesar ved Yale hausten 2016 om europeisk fascisme. Prof. II ved Bjørknes Høyskole. Breitt forfatterskap om europeisk politikk og politisk ekstremisme. Spaltist i Aftenposten og Dag og Tid, sakprosameldar i Dagbladet. Avholdt STV 1530, folkemordkurset som i ti år fylte auditorium 1 på SV. *Knut Olav Åmås* (tidl. kultur- og debattredaktør i Aftenposten) omtala serien «**Frukost med Bernt**» som gjekk 150 gonger på Blindern som "... en av de viktigste deloffentlighetene i hovedstaden: Flere ganger månedlig møtes flere enn 200 mennesker for å drøfte brennbare problemer i kultur og samfunn: tidlig om morgenen, i to stive timer, med frokost, gratis og åpent for alle." (Aftenposten, 30.01.09). Han tala 300 minuttar om europeisk fascisme ved UiB hausten 2018, ei førelesing som vart direktesendt på nrk2 som Frank Aarebrots minneførelesing.

Seminaret den 19. desember 2019 er den femte Bernt-frukosten i Partnerforum sin regi. Tidlegare frukostar; 2018: [Er vondskap ein sjukdom?](#) 2017: [Attersyn med Orwell](#), 2016: [Europa i krise – kvar går Europa i ljøs av Dreyfus-saka](#), 2015: [Kjem fascismen attende til Europa?](#)

[Partnerforum](#) er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Handelshøyskolen BI og statlege verksemder. Vi er 22 partnarar som samarbeider om å lage arrangement om tema som er aktuelle for statsforvaltninga og det breie offentlege rom. Partnerforum lagar årleg ca. 12 fellesarrangement og eitt seminar for kvar partnar. I fjor bidrog 101 innleiarar for 2350 deltakarar på våre 24 arrangement.

